



# DELÅRSRAPPORT

## 3. kvartal 2018

Voss, 23. oktober 2018  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2018

## GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit akkumulert resultat før tap for utgangen av 3. kvartal på 37,9 mill. kr. Dette er ein auke på 19,8 mill. kr i høve til same periode i 2017. Akkumulert resultat av ordinær drift før skatt er 38,9 mill. kr mot 17,8 mill. kr i 2017. Akkumulert resultat etter skatt er 29,9 mill. kr mot 11,4 mill. kr i 2017.

Akkumulert totalresultat pr. utgangen av 3. kvartal 2018 er 30,8 mill. kr mot 19,1 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei positiv utvikling resultatmessig. Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 9,6 % for 3. kvartal i år mot 4,0 % for tilsvarende periode i fjor. Dette kjem i hovudsak av god utlånsvekst, positiv utvikling i andre inntekter og reduserte kostnader.

For 3. kvartal isolert (2017 tala i parentes) er resultat før tap 15,1 mill. kr (0,0), resultat før skatt 15,8 mill. kr (0,2), resultat etter skatt 12,5 mill. kr. (-2,3) og totalresultat 12,8 mill. kr (6,7).

## RENTENETTO

Den gode veksten i utlån gjev banken monaleg vekst i netto rente- og kredittprovisjonsinntekter, som ved utgangen av 3. kvartal akkumulert er bokført til 64,6 mill. kr. Dette er ein auke på 3,5 mill. kr frå same periode i 2017.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av råveldekapital, er ved utgangen av 3. kvartal 1,79 % (1,84 %). Isolert for 3. kvartal var netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 21,9 mill. kr mot 21,5 mill. kr i 2017.

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 3. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 10,2 mill. kr. Dette er ein auke på 13,5 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter er auka med knappe 1,4 mill. kr, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er auka med 12,3 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 5,5 mill. kr mot -7,9 mill. kr i 2017. I 3. kvartal 2018 har banken ein eingongseffekt knytt til tilbakebetaling av kr 1.989.284 i samband med at Eksportfinans ASA i slutten av juni fekk godkjend reduksjon av eigenkapital og tilbakebetaling av kr 500 mill. til aksjonærane. Vekselbanken har ein eigardel på 0,40% i Eksportfinans ASA.

Vekselbanken har basert på dette oppdatert verdivurderinga av aksjeposten i Eksportfinans ASA som i rekneskapen pr. 3. kvartal 2018 gjev ein resultateffekt på kr 1.989.284 etter skatt i ordinært resultat.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på og har bygd opp rådgjevnadskompetanse innan. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine akkumulerte driftskostnader er ved utgangen av 3. kvartal bokført til 36,9 mill. kr mot 39,7 mill. kr i fjor. Årsaka til reduksjonen er i hovudsak at banken ikkje lenger har avskrivningar knytt til overgangskostnadane frå EVRY til Eika. Andre driftskostnader er redusert med 0,5 mill. kr, medan personalkostnadane har auka med 0,7 mill. kr. Isolert for 3. kvartal er driftskostnadane 12,4 mill. kr mot 13,6 mill. kr i 2017.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 3. kvartal har banken akkumulert tilbakeført tap på utlån med 1,0 mill. kr mot tapsført 0,3 mill. kr i fjor. For nærare spesifisering, sjå note 2 og 3. For 3. kvartal isolert er det tilbakeført tap med 0,7 mill. kr mot 0,2 mill. kr for tilsvarande periode i 2017.

## RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 3. kvartal er 4.999 mill. kr. Dette er ein auke på 475 mill. kr (+10,5 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 5.428 mill. kr.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 3. kvartal på 3.013 mill. kr. Dette er ein auke på 11,0 mill. kr (+0,4 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 3. kvartal er 67,0 % mot 73,0 % på same tidspunkt i fjor.

## UTLÅN

Banken har ved utgangen av 3. kvartal i år hatt ein vekst i utlåna siste året på 383 mill. kr (+9,32 %). Utlånsveksten til næringskundar er 57 mill. kr (6,29 %), medan utlånsveksten til personkundar er 326 mill. kr (+10,18 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.495 mill. kr mot 4.112 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2017. Av samla utlån er 962 mill. kr (21,4 %) utlån til næringsverksemd og 3.533 mill. kr (78,6 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla uteståande ved utgangen av 3. kvartal på 428 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 10,8 % mot 9,4 % i 2017. Dette utgjør 8,7 % (7,5 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

## LIKVIDITET

Den gode veksten i utlån dei siste 12 månadane har gjort at banken har måtta henta inn meir finansiering i marknaden. Banken har pr. 3. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.402 mill. kr. Banken har oppnådd gode finansieringsføresetnadar på verdipapirutferdingane. Sjå note 6 for nærare detaljar. Ved utgangen av 3. kvartal er banken sin LCR 372 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 18,18 % ved utgangen av 3. kvartal mot 17,87 % på tilsvarande tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 484,3 mill. kr, noko som gjev ei overdekning på 271,2 mill. kr i høve minstekravet.

Kjernekapitalen til banken er 444,3 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 390,3 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 16,68 % (16,23 % i 3. kv. 2017) og ei rein kjernekapitaldekning på 14,65 % (15,51 % i 3. kv. 2017) av berekningsgrunnlaget. Banken har ved utgangen av 3. kvartal ei overdekning i høve minstekravet til rein kjernekapitaldekning på 270,4 mill. kr.

Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,7 % ved utgangen av 3. kvartal 2018 mot 8,5 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken også konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 17,79 % ved utgangen av 3. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 16,25 % og 14,23 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,13 %.

### REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

### UTSIKTENE FOR 2018

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Banken har klart å auke netto renteinntekter gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst. God vekst i utlån og andre inntekter, låge tap og kostnadsreduksjonar gjer at kjernedrifta samla utviklar seg positivt. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag framover. Samla sett vil dette også bidra positivt til å styrka banken si kapitaldekning framover.

### FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 3. kvartal 2018 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærstående vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 23. oktober 2018

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Hildegunn Reime  
Nestleiar



Olav Seim



Kathrine Løno Lahlum



Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

<b>Resultat</b>		3. Kvartal isolert		3. Kvartal	3. Kvartal	Året
<i>Ordinært resultat – Tal i tusen kroner</i>	Note	2018	2017	30.9.18	30.9.17	31.12.17
Renteinntekter med effektiv rentes metode		34.667	31.659	100.662	91.143	123.232
Renteinntekter frå øvrige instrument		678	789	1.935	2.791	3.499
Rentekostnader og liknande kostnader		13.462	10.945	37.979	32.841	43.754
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>21.882</b>	<b>21.502</b>	<b>64.618</b>	<b>61.093</b>	<b>82.977</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.251	2.912	8.889	7.915	11.189
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		779	1.061	2.600	2.979	3.853
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		1.989	30	2.971	1.122	1.122
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		1.044	-9.863	817	-9.656	-9.053
Andre driftsinntekter		36	36	93	284	326
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>5.541</b>	<b>-7.945</b>	<b>10.170</b>	<b>-3.313</b>	<b>-268</b>
Lønn og andre personalkostnader		6.094	5.803	16.558	15.869	23.537
Andre driftskostnader		5.507	6.005	18.006	18.542	23.203
Av-/nedskrivingar og gevinst tap på ikkje-finansielle eignelutar		753	1.762	2.312	5.264	7.047
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>12.355</b>	<b>13.570</b>	<b>36.876</b>	<b>39.676</b>	<b>53.787</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>15.069</b>	<b>-13</b>	<b>37.911</b>	<b>18.104</b>	<b>28.922</b>
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir		-726	-226	-989	307	-231
<b>Resultat før skatt</b>		<b>15.795</b>	<b>212</b>	<b>38.900</b>	<b>17.797</b>	<b>29.153</b>
Skattekostnad		3.322	2.495	8.983	6.390	8.832
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>12.473</b>	<b>-2.282</b>	<b>29.918</b>	<b>11.408</b>	<b>20.321</b>
<i>Utvida resultat – Tal i tusen kroner</i>		0	0	0	0	0
Poster som ikkje vert reklassifisert over resultatet		357	9.030	892	7.661	7.494
Poster kan reklassifiserast over resultatet		-	-	-	-	-
<b>Sum utvida resultat</b>		<b>357</b>	<b>9.030</b>	<b>892</b>	<b>7.661</b>	<b>7.494</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>12.830</b>	<b>6.748</b>	<b>30.810</b>	<b>19.069</b>	<b>27.815</b>
<b>Basis og utvatna resultat pr aksje</b>		<b>6,56</b>	<b>-1,20</b>	<b>15,75</b>	<b>6,00</b>	<b>10,70</b>

## Balanse

(Tal i tusen kroner)	Note	30.9.18	30.9.17	31.12.17
<b>Eignelutar</b>				
Kontantar og fordringar på sentralbanken		12.853	14.226	13.986
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		243.819	112.840	74.692
Utlån og fordringar på kunder til verkeleg verdi		-	-	-
Netto utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost		4.477.329	4.062.472	4.182.623
Renteberende verdipapir		181.137	237.340	198.920
Finansielle derivat		1.649	3.507	2.505
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument		52.111	58.727	57.372
Eigarinteresser i tilknytt selskap og felleskontrollerte foretak		-	-	-
Eigarinteresser i konsernselskap		-	-	-
Immaterielle eignelutar		-	1.000	-0
Varige driftsmiddel		26.805	30.174	29.687
Andre eignelutar		4.247	4.768	4.612
Overtekne eignelutar		-	-	-
<b>Sum eignelutar</b>		<b>4.999.950</b>	<b>4.525.055</b>	<b>4.564.398</b>

Tal i tusen kroner	30.9.18	30.9.17	31.12.17
<b>Gjeld og eigenkapital</b>			
Innlån fra kredittinstitusjonar	65	1	-
Innskot frå kundar	3.013.078	3.002.062	2.928.292
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	1.402.206	1.025.203	1.125.345
Anna gjeld	14.020	21.273	30.238
Pensjonsforpliktingar	1.696	1.040	1.962
Forpliktingar ved skatt	18.742	6.058	1.548
Avsetningar på garantiar og unytta rammekredittar	596	-	-
Ansvarleg lånekapital	40.130	43.644	43.330
Fondsobligasjonskapital	77.307	35.000	35.000
Forpliktingar helde for sal	-	-	-
<b>Sum gjeld</b>	<b>4.567.842</b>	<b>4.134.280</b>	<b>4.165.714</b>
Innskoten eigenkapital	9.447	9.482	9.447
Annan eigenkapital	371.612	348.327	367.846
Fond for urealiserte vinstar	21.132	21.558	21.391
Udisponert resultat	29.918	11.408	-
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>432.108</b>	<b>390.774</b>	<b>398.684</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>4.999.950</b>	<b>4.525.055</b>	<b>4.564.398</b>

Voss, 23. oktober 2018

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Hildegunn Reime  
Nestleiar



Olav Seim



Kathrine Løno Lahlum



Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING

	<u>Innsk. egenkapital</u>		<u>Opptent egenkapital</u>		<u>Sum egenkapital</u>
	<u>Aksjar</u>	<u>Eigne aksjar</u>	<u>Fond for urealiserte vinstar</u>	<u>Anna opptent egenkapital</u>	
<i>Tal i tusen kroner</i>					
<b>Eigenkapital 31.12.2017</b>	9.500	-53	21.391	367.846	398.684
<b>Overgang til IFRS 9</b>			-	10.606	10.606
<b>Korrigert overgang til IFRS</b>			-1.149	-192	-1.341
<b>Omarbeid egenkapital 01.01.2018</b>	9.500	-53	20.242	378.260	407.949
Resultat etter skatt				29.918	29.918
Verdiendring tilgjengelig for sal			891		891
<b>Totalresultat 30.09.2018</b>	-	-	891	29.918	30.809
Utbetalt utbytte				-6.650	-6.650
<b>Eigenkapital 30.09.2018</b>	9.500	-53	21.133	401.528	432.108
<b>Eigenkapital 31.12.2016</b>	9.500	-18	13.896	357.353	380.731
Resultat etter skatt				11.408	11.408
Verdiendring tilgjengelig for sal			7.660		7.660
<b>Totalresultat 30.09.2017</b>	9.500	-18	21.556	368.761	399.799
Utbetalt utbytte				-9.025	-9.025
<b>Eigenkapital 30.09.2017</b>	9.500	-18	21.556	359.736	390.774

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	3. Kvartal 2018	3. Kvartal 2017
<i>Tal i tusen kroner</i>		
<b>Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Netto utbetaling av lån til kundar	(287.497)	(369.739)
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	99.591	90.409
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	84.979	(11.458)
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	(16.386)	(16.430)
Netto inn-/utbetaling av lån frå kredittinstitusjonar/innskot i kredittinstitusjonar	65	(0)
Renteutbetalingar på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kredittinstitusjonar	1.064	730
Endring sertifikat og obligasjonar	16.376	9.508
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	1.935	2.791
Netto provisjonsinnbetalingar	6.290	4.937
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	552	(444)
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir	13.031	(900)
Utbetalingar til drift	(44.688)	(27.103)
Betalt skatt	8.211	(3.353)
<b>A Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-116.478</b>	<b>-321.053</b>
<b>Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>		
Utbetaling ved investering i varige driftsmiddel	-	(1.106)
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir	(6.971)	(2.085)
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir	(720)	135
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	2.971	1.122
<b>B Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet</b>	<b>-4.720</b>	<b>-1.934</b>
<b>Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir	277.791	249.809
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	(18.386)	(14.191)
Innbetaling ved utferding av ansvarleg lån	40.000	
Renteutbetalingar på ansvarlege lån	(3.563)	(1.499)
Utbytte til aksjonærar	(6.650)	(9.025)
<b>C Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet</b>	<b>289.192</b>	<b>225.094</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>167.994</b>	<b>-97.894</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	88.677	224.959
<b>Likviditetsbeholdning 31.12</b>	<b>256.671</b>	<b>127.065</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	12.853	74.247
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	243.819	52.818
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>256.670</b>	<b>127.065</b>

### NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP OG VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR

#### *Rekneskapsprinsipp*

Kvartalsrekneskapet omfattar perioden 01.01. - 30.09.2018. Kvartalsrekneskapet er utarbeida i samsvar med IFRS Delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar. Kvartalsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i sammenheng med årsrekneskapet for 2017.

#### *Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar*

Utarbeiding av rekneskapet medfører at leinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapet for 2017 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.



## NOTE 2 – TAP PÅ UTLÅN

### Endringer i tapsavsetninger

	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totale nedskrivninger
<b>Tapsavsetningar pr. 01.01.2018</b>	<b>1.613</b>	<b>4.722</b>	<b>12.890</b>	<b>19.225</b>
<b>Røysler med resultateffekt:</b>				
Overføringer:				-
Overføringer mellom Steg 1 og Steg 2	273	2.315		2.588
Overføringer mellom Steg 1 og Steg 3				-
Overføringer mellom Steg 2 og Steg 1	-155	-2.292		-2.447
Overføringer mellom Steg 2 og Steg 3				-
Overføringer mellom Steg 3 og Steg 2				-
Overføringer mellom Steg 3 og Steg 1				-
Nye finansielle eignelutar utferda eller kjøpt	395	550		945
Finansielle eignelutar som er frårekna i perioden	-110	-1.070		-1.180
Modifisering av kontantstrumar frå eignelutar som ikkje er frårekna				-
Konstaterte tap			-111	-111
Tilbakeføring av tidligare konstaterte tap				-
Valutaeffektar				-
Endringer i modell eller risikoparametre	-3	-345		-348
Andre justeringar	-154	-440	-184	-778
<b>Tapsavsetningar pr. 30.09.2018</b>	<b>1.859</b>	<b>3.440</b>	<b>12.595</b>	<b>17.894</b>

## NOTE 3 – MISLEGHELDE OG TAPSUTSETTE LÅN

### Misleghelde engasjement

	3. Kvartal 2018	3. Kvartal 2017	Året 2017
Brutto misleghelde utlån – PM	8.852	14.261	13.573
Brutto misleghelde utlån – BM	2.602	12.931	2.534
Individuelle nedskrivningar	-1.359	-6.952	-1.504
<b>Netto misleghelde utlån</b>	<b>10.095</b>	<b>20.240</b>	<b>14.603</b>

### Andre tapsutsette engasjement

	3. Kvartal 2018	3. Kvartal 2017	Året 2017
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – PM	5.499	1.971	5.333
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – BM	26.184	30.350	24.493
Individuelle nedskrivningar	-11.236	-22.023	-11.386
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>20.447</b>	<b>10.298</b>	<b>18.440</b>

## NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

### Utlån til kundar fordelt på sektorer og næringer

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2018	2017	2017
Landbruk	37.880	30.654	32.973
Industri	108.502	90.788	95.782
Bygg, anlegg	67.870	54.848	56.769
Varehandel	63.624	64.431	67.015
Transport	29.408	26.780	28.019
Eigedomsdrift etc	567.423	546.517	582.390
Anna næring	87.666	91.400	94.057
<b>Sum næring</b>	<b>962.373</b>	<b>905.418</b>	<b>957.006</b>
Personkundar	3.532.851	3.206.506	3.258.983
<b>Brutto utlån</b>	<b>4.495.224</b>	<b>4.111.924</b>	<b>4.215.989</b>
Individuelle nedskrivningar	-	-28.976	-12.890
Gruppenedskrivningar	-	-20.476	-20.476
Nedskrivning steg 1	-1.859	-	-
Nedskrivning steg 2	-3.440	-	-
Nedskrivning steg 3	-12.595	-	-
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>4.477.329</b>	<b>4.062.472</b>	<b>4.182.623</b>
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	428.407	333.114	383.379
<b>Totale utlån inkl. portefølja i EBK</b>	<b>4.905.736</b>	<b>4.395.586</b>	<b>4.566.002</b>

## NOTE 5 – KAPITALDEKNING

Kapitaldekning	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2018	2017	2017
Opptent egenkapital	371.612	348.327	361.196
Annan egenkapital	21.132	21.558	21.391
Innbetalt aksjekapital	9.447	9.482	9.447
<b>Sum egenkapital</b>	<b>402.191</b>	<b>379.367</b>	<b>392.034</b>
Immaterielle eignelutar	-	-750	-
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-233	-296	-256
Frådrag i rein kjernekapital	-11.655	-	-3.699
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>390.303</b>	<b>378.321</b>	<b>388.079</b>
Fondsobligasjonar	54.000	17.500	17.500
Frådrag i kjernekapital	-	-	-462
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>444.303</b>	<b>395.821</b>	<b>405.117</b>
Ansvarleg lånekapital	40.000	40.000	40.000
Frådrag i tilleggskapital	-	-	-462
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>40.000</b>	<b>40.000</b>	<b>39.538</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>484.303</b>	<b>435.821</b>	<b>444.655</b>
	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2017</b>
<b>Eksponeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	-	-	-
Lokal regional myndigheit	11.456	18.885	13.227
Offentleg eigde føretak	-	-	-
Institusjonar	14.618	16.315	14.176
Føretak	317.498	277.517	304.411
Massemarknad	-	3.803	-
Pantsikkerheit eigedom	1.922.848	1.696.403	1.739.386
Forfalne engasjement	10.110	20.114	15.486
Høgrisiko engasjement	-	-	-
Obligasjonar med fortrinnsrett	6.352	6.759	6.755
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	35.548	10.552	2.913
Andelar verdipapirfond	-	12.248	13.310
Eigenkapitalposisjonar	42.105	46.480	39.182
Øvrige engasjement	146.997	174.442	208.526
CVA-tillegg	841	35	842
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>2.508.373</b>	<b>2.283.553</b>	<b>2.358.215</b>
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	155.404	155.725	155.404
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>2.663.777</b>	<b>2.439.278</b>	<b>2.513.619</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>18,18 %</b>	<b>17,87 %</b>	<b>17,69 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>16,68 %</b>	<b>16,23 %</b>	<b>16,12 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>14,65 %</b>	<b>15,51 %</b>	<b>15,44 %</b>

### Konsolidering av samarbeidande grupper

Fra 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,18 % i Eika Gruppen AS og på 0,49 % i Eika Boligkreditt AS.

	2018
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>401.036</b>
<b>Kjernekapital</b>	<b>457.688</b>
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>501.252</b>
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>2.817.304</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>17,79 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>16,25 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>14,23 %</b>
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>8,13 %</b>

## NOTE 6 – GJELD STIFTA VED UTFERDING AV VERDIPAPIR

	3. Kvartal 2018	3. Kvartal 2017	Året 2017
Sertifikat, nominell verdi + påløpte renter	100.387	50.000	50.000
Obligasjoner, nominell verdi + påløpte renter	1.301.130	975.760	1.075.907
Tilbakekjøpte obligasjoner	-	-	-
Amortisert over-/underkurs	689	-557	-562
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.402.206</b>	<b>1.025.203</b>	<b>1.125.345</b>
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	2,12 %	2,28 %	2,20 %

	3. Kvartal 2018	3. Kvartal 2017	Året 2017
Evigvarande ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter	40.130	40.275	40.531
Fondsobligasjoner, nominell verdi + påløpte renter	75.493	35.250	35.000
Amortisert over-/underkurs	1.814	3.119	2.799
<b>Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonslån</b>	<b>117.437</b>	<b>78.644</b>	<b>78.330</b>
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	3,84 %	3,80 %	3,75 %

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.07.2018	Emitert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringer	Balanse 30.09.2018
Obligasjonsgjeld	1.350.705	150.000	-100.000	1.501	1.402.206
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.350.705</b>	<b>150.000</b>	<b>-100.000</b>	<b>1.501</b>	<b>1.402.206</b>
Ansvarlege lån	40.116			-680	39.436
Fondsobligasjoner	78.001				78.001
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner</b>	<b>118.117</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-680</b>	<b>117.437</b>

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.07.2017	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 30.09.2017
Obligasjonsgjeld	1.125.287	50.000	-150.000	-84	1.025.203
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.125.287</b>	<b>50.000</b>	<b>-150.000</b>	<b>-84</b>	<b>1.025.203</b>
Ansvarlege lån	40.521			-99	40.422
Fondsobligasjoner	38.222				38.222
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner</b>	<b>78.743</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-99</b>	<b>78.644</b>

## NOTE 7 – FINANSIELLE INSTRUMENT TIL VERKELEG VERDI, VERDSETJINGSNIVÅ

### 3. Kvartal 2018

	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum
Verdipapirer frivillig klassifisert til verkeleg verdi				
Aksjar				-
Pengemarknadsfond				-
<i>Verdipapir tilgjengeleg for sal</i>				
Aksjar			52.111	52.111
Obligasjoner	181.137			181.137
Rentebytteavtaler brukt for sikring		1.649		1.649
<b>Sum</b>	<b>181.137</b>	<b>1.649</b>	<b>52.111</b>	<b>234.897</b>

### Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01	57.372
Realisert vinst/tap	3.424
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	(2.797)
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	892
Investering	6.971
Sal	(13.751)
<b>Utgående balanse</b>	<b>52.111</b>

### 3. Kvartal 2017

	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi				
Aksjar	2.417	-		2.417
Pengemarknadsfond		12.248		12.248
<i>Verdipapir tilgjengeleg for sal</i>				-
Aksjar			44.062	44.062
Obligasjonar	179.306	58.034		237.340
Rentebytteavtalar brukt for sikring	-	3.507	-	3.507
<b>Sum</b>	<b>181.723</b>	<b>73.789</b>	<b>44.062</b>	<b>299.574</b>

#### Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01	42.104
Realisert vinst/tap	8
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	
Investering	2.085
Sal	(135)
<b>Utgående balanse</b>	<b>44.062</b>

#### Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane under vert det nytta følgjande nivåinndeling:

**Nivå 1:** Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eignelutar og forpliktingar.

**Nivå 2:** Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske eignelutar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk eignelut eller forplikting.

**Nivå 3:** Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Selskapet sine verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine egne estimat.

## Spesifikasjon av obligasjons-, fonds- og aksjeportefølje

<b>Obligasjonsportefølje</b>	<b>30.09.2018</b>	<b>30.09.2017</b>
<i>Utførdarkategori</i>	<i>Bokført verdi</i>	<i>Bokført verdi</i>
Stat / statsgaranterte	25.093	25.045
Kommune / fylke	57.257	94.423
Bank og finans	35.264	50.285
Obligasjonar med fortrinsrett	63.523	67.587
<b>Sum obligasjonsportefølje</b>	<b>181.137</b>	<b>237.340</b>

<b>Aksjeportefølje</b>	<b>30.09.2018</b>		<b>30.09.2017</b>	
<i>Namn</i>	<i>Tal aksjar</i>	<i>Bokført verdi</i>	<i>Tal aksjar</i>	<i>Bokført verdi</i>
SDC	2.971	1.449	2.911	1.301
Eika Gruppen	43.859	5.215	43.859	5.215
Eksporthfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Gjensidige Forsikring	3.253	446	3.253	376
Eika BoligKreditt	5.411.709	22.837	3.930.979	16.770
VIPPS (BANK ID Norge)	182	720	80	127
Destinasjon Voss	33	100	33	100
Voss Bedriftsser	5	5	5	5
Næringsshagen Voss	1.500	150	1.500	150
Vossaløysinga	5	5	5	5
Indre Sogn Sparebank	-	-	2.600	195
Sparebank 1 Nord-Norg	-	-	240	15
Totens Sparebank	-	-	10.000	1.190
Skue Sparebank	-	-	1.900	224
SKAGEN Vekst A	-	-	702	1.612
SKAGEN Global A	-	-	1.017	1.595
Eika Spar	-	-	625	3.796
EIKA Global	-	-	2.276	3.671
SKAGEN Kon-Tiki	-	-	1.899	1.574
Silver Pensjonsfond	-	-	-	-
Selvaag Bolig	-	-	25.000	793
VN Norge	-	1.171	-	-
<b>Sum aksjeportefølje</b>		<b>52.111</b>		<b>58.728</b>

## NOTE 8 – VERKELEG VERDI AV FINANSIELLE EIGNELUTAR OG FORPLIKTINGAR

	3. Kvartal 2018		3. Kvartal 2017	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
<b>Finansielle eignelutar</b>				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	12.853	12.853	14.226	14.226
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	243.819	243.819	112.840	112.840
Utlån til kundar	4.477.329	4.477.329	4.062.472	4.062.472
Rentebærande verdipapir	181.137	181.137	237.340	237.340
Finansielle derivat	1.649	1.649	3.507	3.507
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	52.111	52.111	58.727	58.727
<b>Sum finansielle eignelutar</b>	<b>4.968.898</b>	<b>4.968.898</b>	<b>4.489.113</b>	<b>4.489.113</b>
<b>Finansielle forpliktingar</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	65	65	1	1
Innskot frå kundar	3.013.078	3.013.078	3.002.062	3.002.062
Gjeld oppteke ved utferding av obligasjonar	1.402.206	1.408.420	1.025.203	1.030.601
Ansvarleg lånekapital	40.130	40.352	43.644	40.400
Fondsobligasjonskapital	77.307	76.015	35.000	38.119
<b>Sum finansielle forpliktingar</b>	<b>4.532.787</b>	<b>4.537.930</b>	<b>4.105.909</b>	<b>4.111.183</b>

## NOTE 9 – AKSJAR

Dei 20 største aksjonærane:

3. Kvartal		2018	
Namn		Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK		189.980	10,00 %
BERGEN KOMMUNALE PEN		90.000	4,74 %
MP PENSJON PK		87.881	4,63 %
HAUGALAND KRAFT PENS c/o SR-Forvaltning A		64.069	3,37 %
AUGUST RINGVOLD AGEN		46.771	2,46 %
BJØRKEHAGEN AS		36.000	1,89 %
SPAREBANK 1 SR-BANK c/o Gabler Wassum AS		31.000	1,63 %
KRISTIAN HODNE AS		30.985	1,63 %
WERGELAND HOLDING AS		24.500	1,29 %
VAKSDAL ANDERS		23.800	1,25 %
SKOGSBORG AS		20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RAC		20.000	1,05 %
FORLAGSHUSET VIGMOST		17.700	0,93 %
LIMONE AS		17.502	0,92 %
FJORDSYN AS		16.600	0,87 %
NORDNET LIVSFORSIKRI		16.556	0,87 %
VOSS VEKSEL- OG LAND		15.136	0,80 %
SLÅPEKROKEN AS		15.040	0,79 %
HAUKÅS KONSULENTENE		15.000	0,79 %
FOSSEN HAAKEN		13.551	0,71 %
<b>Sum 20 største</b>		<b>792.511</b>	<b>41,71 %</b>
Øvrige aksjonærar		1.107.489	58,29 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>		<b>1.900.000</b>	<b>100,00 %</b>

<b>Tal aksjar:</b>	<b>1.900.000</b>		
Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 3. kvartal:		kr	227,43
Børskurs ved utgangen av 3. kvartal:		kr	129,00

3. Kvartal		2017	
Namn		Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK		189.980	10,00 %
MP PENSJON PK		90.526	4,76 %
FLU AS		90.000	4,74 %
BERGEN KOMMUNALE PEN		50.000	2,63 %
AUGUST RINGVOLD AGEN		46.771	2,46 %
HAUGALAND KRAFT PENS c/o SR-Forvaltning A		41.069	2,16 %
BJØRKEHAGEN AS		35.990	1,89 %
SPAREBANK 1 SR-BANK c/o Gabler Wassum AS		31.000	1,63 %
WERGELAND HOLDING AS		24.500	1,29 %
FANA SPAREBANK		23.000	1,21 %
SKOGSBORG AS		20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RAC		20.000	1,05 %
KRISTIAN HODNE AS		18.094	0,95 %
FORLAGSHUSET VIGMOST		17.700	0,93 %
NORDNET LIVSFORSIKRI		17.379	0,91 %
FJORDSYN AS		15.200	0,80 %
SLÅPEKROKEN AS		15.040	0,79 %
HAUKÅS KONSULENTENE		15.000	0,79 %
RIO INGUNN		12.580	0,66 %
KLØVE-GRAUE ASTRID		12.000	0,63 %
<b>Sum 20 største</b>		<b>786.269</b>	<b>41,38 %</b>
Øvrige aksjonærar		1.113.731	58,62 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>		<b>1.900.000</b>	<b>100,00 %</b>

<b>Tal aksjar:</b>	<b>1.900.000</b>		
Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 3. kvartal:		kr	205,68
Børskurs ved utgangen av 3. kvartal:		kr	123,50



## NYKKELTAL

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2018	2017	2017
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	51,9 %	59,8 %	59,3 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	-7,1 %	7,6 %	9,6 %
Eigenkapitalavkastning*	9,6 %	4,0 %	5,2 %
Innskotsmargin hittil i år	0,3 %	0,3 %	0,3 %
Utlånsmargin hittil i år	2,1 %	2,1 %	2,1 %
Netto rentemargin hittil i år	1,8 %	1,8 %	1,9 %
<b>Innskot og Utlån</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,4 %	22,0 %	22,7 %
Andel lån overført til EBK – kun PM	10,8 %	9,4 %	10,5 %
Innskotsdekning	67,0 %	73,0 %	69,5 %
<i>*EK-avkastning etter berekna skatt – Annualisert</i>			
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2018	2017	2017
<b>Soliditet</b>			
Rein kjernekapitaldekning	14,7 %	15,5 %	15,4 %
Kjernekapitaldekning	16,7 %	16,2 %	16,1 %
Kapitaldekning	18,2 %	17,9 %	17,7 %
Leverage ratio	8,7 %	8,5 %	8,7 %
<b>Likviditet</b>			
LCR	372	117	131
Likviditetsindikator 1 – Bank	102	103	101
Likviditetsindikator 2 – Bank	108	107	106